



# DEN NORSKE KYRKJA

## Helgheim sokneråd Referat 05.03.24

Styre, råd og utval <b>Helgheim sokneråd</b>	Møtestad Skei Misjonshus	Møtedato <b>5. mars 2023</b>
Arkiv nr.	Etter fellesmøte	Møteslutt Kl 21.20

Til stades på møtet:

Desse møtte:

Hildegunn Huus (leiar Helgheim), Bjørn Anders Steinsund, Norvald Nedrebø, Steinar Dvergsdal, Marit Vallestad, Camilla Klakegg (1.vara) Brita Maria Distad (2.vara) Silje Sørebø,(prest) (til/frå Helgheim/Åhus sokn)

Meldt forfall  
Aud Førde

**Saker:** 11-15 /24

### **Sakliste:**

#### **Sak 11/24 Godkjenning av innkalling.**

Framlegg til vedtak til vedtak: Innkallinga godkjent utan merknad.

#### **Sak 12/24 Godkjenning av referat 01.02.24**

Framlegg til vedtak: Referat godkjent utan merknad.

#### **Sak 13/24 Årsmelding 2023**

Årsmøte i Helgheim sokn er planlagt etter gudstenesta Palmesøndag 24. mars Det vart ein gjennomgang av årsmeldinga for 2023, der det vart påpeika enkelte skrivefeil (s.2: Bolset utan h, og s.9: Fredrik Brattvik utan Slåtten). Det vart vidare ein diskusjon om vi kan gjennomføre årsmøte som planlagt då det ikkje er kome budsjett og rekneskap. Det er Sunnfjord kommune som fører rekneskapen for kyrkjene. Pga sjukdom er ikkje rekneskapen på plass så langt. Framlegg til vedtak: Årsmøtet vert gjennomført etter gudstenesta Palmesøndag 24. mars. Årsmeldinga vert lagt fram utan godkjent budsjett og rekneskap. Så snart dette er klart, vert den lagt ut i Helgheim kyrkje og på nettsida <https://www.kyrkja.no/jolster>

#### **Sak 14/24 Budsjett og Rekneskap dersom det er ferdig**

Denne saka vart diskutert i saman med Sak 13/24.

#### **Sak 15/24 Vårprogram, Silje orienterer om forslag til kultur/temakveld i Helgheim kyrkje**

Silje orientert i fellesmøte med tankar til kultur/temakveldar. Her det som vart referert frå fellesmøte: Forslag til kultur/temakveld i Helgheim kyrkje Invitere til samtalekveld med Guro Årdal Rekkedal med tittel



# DEN NORSKE KYRKJA

## Helgheim sokneråd Referat 05.03.24

«Den vanskelege kjensla» samtale med tonefølgje. Silje har snakka med henne og ho er positiv til det. Kanskje kan vi prøver å få Folkeakademiet med på arr. Litt vanskeleg å finne tid på våren, så vi prøver til hausten. Silje avtaler med Guro Årdal Rekkedal.

### Sak 15/24 Saker som kjem til

1. **(Hildegunn) Speidararane i Jølster** er ei stor og aktiv gruppe. Det er viktig å støtte opp under dette å ta vare på det gode miljøet som leiarane og medelemane har fått til desse åra. Soknerådsleiaren Hildegunn vil stille på Årsmøte til speidarane og gje ei påskjøning til speidarleiaren det arbeidet som vert lagt ned i denne gruppa.
2. **(Norvald) Høgtalar/mikrofonbruk i kyrkja.** Det er kome ein del klager frå enkelt i kyrkjelyden om dårlige lydforhold, spesielt ved gravferder der det vert framført helsingar/minneord ved båra. Det er hovedsakleg dei med høyrselhemming som ikkje får med seg det som vert sagt. Er det tekniske manglar med «feiltyp» mikrofon? Er det Teleslynge som fungerar, eller er det utgått teknikk? Vi bør sjå over dette, ev gje ei kort orientering til dei som melder sine ynskje om å bere fram minnehelsingar mm.
3. **(Norvald) «Store stygge tre» langsmed E39** Dei store bjørketrea som står langs muren, er dette tre som tåler fleire år, ev kva skade kan skje om dei bles ned i dei stormane som vi har opplevd dei siste åra?
4. **(Norvald) Minnestein/minnelund for urner** Det er til tider spørsmål om kyrkjene i Jølster vil legge til rette/arbeide for dette.

Det var litt diskusjon om desse ulike punkta (2,3 og 4), men ikkje gjort anna vedtak enn å ha det med i vidare arbeid i soknet.

Norvald Nedrebø  
møteskrivar